

Lars Nyre, 19. august 2019.

## **Evaluering av MIX 202: Design for mediebruk, våren 2019**

Her evaluerer me fyrst kurset som heilskap, deretter gjennomføringa av dei tre modulane kvar for seg, pluss eksamen, dialogmøte og pensum. Det vart diverre ikkje gjennomført ei studentevaluering våren 2019, og difor er denne evalueringa basesert på kursleiar Lars Nyre sine evalueringar. Nyre hadde tett dialog med studentane heile våren, og har også fått nyttige innspel frå faglærarane både på epost og i uformelle samtalar.

### **Kurset som heilskap**

Målet med emnet er å gjere studenten kjend med utfordringane knytte til design av system og grenseflatar som presenterer medieinnhald til vanlege menneske i internettets tidsalder. Oppleving og fortolking av mediebruk er ei viktig kjelde til informasjon om korleis nye system bør designast, og kurset har som mål å gje studentane elementær innsikt i viktige arbeidsprosessar på dette området.

MIX203 er eit kurs på 30 studiepoeng, og dette betyr at studentane skulle bruka all studietid på dette eine kurset gjennom heile semesteret. Våren 2019 hadde kurset 24 studentar; 17 kvinner og 7 menn. Innsatsen var delt inn i tre aktivitetsperiodar med ulike vinklingar på mediebruk, og med ulike team av faglærarar. Modulane telte ein tredjedel kvar, og var som følgjer:

Modul 1: Intervju (fem veker)

Modul 2: Observasjon av medieåtferd (seks veker)

Modul 3: Design av prototype (seks veker)

Innhaldet i modulane vert forklart i stor detalj nedanfor.

### Evaluering: Kva fungerte bra? Kva fungerte dårleg? Kva kan forbeistrast til neste gong?

Det var fyrste gong kurset vart halde, og både faglærarar og studentar gjorde ein veldig god innsats for å få hjula til å gå rundt. Det var både sosialt og fagleg god stemning under heile kurset. Studentane hadde rett nok ei rekkje kritiske spørsmål og innspel undervegs i semesteret, og formidla ein viss trøyttheit over alltid å vera utsett for nye kurs som ikkje hadde etablerte måtar å gjera ting på, men desse temaa vart tatt opp i plenum, og me klarte å verta samde etter ein dialog der studentane sine ynskje i stor grad vart tatt til følge.

Det fungerte godt å ha tre modular med avsluttande eksamen i kvar modul. For eit så omfangsrikt kurs var det ein lettelse for både studentar og faglærarar å leggja bak seg modul etter modul, istadenfor å samla opp stoff til ein kjempeeksamen heilt til slutt.

Under føresetnad av at ressursane til kurset vert oppretthaldne på same nivå framstår ikkje som nødvendig å gjera store endringar i kursopplegget. Ein del mindre ting bør endrast til neste gong, og dei er omtalt undervegs i denne rapporten.

På lengre sikt bør det vurderast å gjera MIX202 om til eit kurs med to modular som tilsvarar Modul 1 og 2 i det eksisterande kurset. Det ville skapa eit sterkt fokus på mediebrukaren, så då vert undersøkt kvalitativt (subjektivt) og kvantitativt (objektivt). Desse føreset imidlertid at Modul 3 om prototype på VR-forteljing må skiljast ut som eit eige kurs - gjerne på 15 studiepoeng. Denne modulen er svært populær, og dokumenterer MIX-utdanninga sitt fokus på nye, uetablerte medieformer. Endringa kan berre gjerast under føresetnad av at Modul 3 får ei større og viktigare rolle enn no. Endringar som gjer at dette kurselementet forsvinn ville vera svært uheldige.

Neste år bør det gjennomførast ei studentevaluering ved semesterslutt. Då har kurset "sett seg" meir, og det vil vera særleg verdifullt å få tilbakemelding på opplegget.

## **Modul 1: Intervju**

Forelesingane handla om å komma tett på menneske som tenkjande vesen med sjølvforståing, identitet, kjønn, politiske haldningar, etc. Her var det fokus på subjektiv og sosialt konstruert oppleving av verda, i motsetnad til modul 2. Studentane skulle intervjuja folk om opplevinga av nyheiter på diverse nye medier som mobil, nettbrett og laptop, og knyta an til informantane si oppleving av identitet, og i kor stor grad deira identitet og kjønn er representert i ulike typar nyheiter.

Faglærarar: Lars Nyre var ansvarleg for forelesingar og metode. Maud Ceuterick, postdoktor på HF-fakultetet, var ansvarleg for forelesingar om kjønnsrepresentasjon. Frank Wisnes var ansvarleg for oppfølging av intervjuprosjekta, og kritisk vurdering av innretninga til dei enkelte studentane.

Gjennomføring: Kvar student gjorde ei kvalitativ undersøking om nyheitsbruk med 3 informantar som har omtrent same sosiale og demografiske bakgrunn. Kvar student skreiv eit samtykkeskjema og eit informasjonsskriv basert på NSD sine føringar, og det vart godtkjent av faglærer Nyre. Studentane intervjuja til saman  $24 \times 3 = 72$  personar frå ulike miljø på Vestlandet. Blant dei sosiale gruppene som vart representert kan me nemna oljearbeidarar, eldre menn med psykiske problem, blinde og svaksynte, unge mødre, folk som bur i Øygarden og bevegelseshemma.

### Evaluering: Kva fungerte bra? Kva fungerte dårleg? Kva kan forbeistrast til neste gong?

Modulen fungerte fint, med ei god blanding av kritiske perspektiv frå Maud Ceuterick og metodiske og hermeneutiske perspektiv frå Lars Nyre.

Modulen liknar på kurs i publikumsstudier som Medievitskap held på bachelornivå. Det ville vore bra å synkronisera innsatsen på dette fagområdet. Det er likevel interessant å sjå korleis innovasjonspedagogikken fungerer også på dette området. Me kasta studentane uti det, og dei måtte gjera intervjuundersøkingar med sosiale grupper i sitt nærmiljø etter berre to vekers førebuing. Dei viste seg å gjennomføra respektfulle og nyanserte intervju. Dei vart ansvarleggjorte og fekk ei klar oppleving av "learning by doing". Slik sett er ein praktisk versjon

av opplæring i kvalitativ metode minst like velfungerande som ei meir tradisjonell, hovudsakleg teoretisk opplæring.

Neste gong kan me bruka NSD sin teneste for fellesgodkjenning av datainnsamling i studentøvingar.

## **Modul 2: Observasjon av åtferd**

Modul 2 sto i sterk kontrast til modul 1 om fortolking og sosial identitet. No byrja ei langt meir teknologisk tilnærming til mediebruk. Denne modulen handla om kroppens objektive oppfangning av informasjon; om fysiologi og persepsjon, måten menneska er sett saman på når det gjeld syn og høyrsel, med synspraksisar i fokus. Utstyr frå Noldus Information Technology vart brukt, og brukaren si åtferd vart observert med observasjon, kvalitativt intervju, blikksporing og stressarmband.

Faglærarar: Lars Nyre var ansvarleg for forelesingar og forskingsdesign. Johanne Ågotnes og Fredrik Jensen var ansvarlege for opplæring og rettleiing i Noldus. Frank Wisnes var ansvarleg for øvingar, teknisk utforsking, kreativitet, problemløysing undervegs.

Gjennomføring: MIX202-kullet vart delt inn i seks grupper. Kvar gruppe gjorde ei observasjonsstudie av nyheitsbruk i eit gitt medium, og det var to informantar med nokolunde same identitet. Oppgåva var ein evalueringsrapport skriven til ein imaginær samarbeidspartnar (til dømes Bergens Tidende, VG, NRK m.fl.). Rapporten skulle vera skriven til dei redaktørar, journalistar og fotograftar/videofolk som har laga produktet, og/eller som lagar liknande produkt.

### Evaluering: Kva fungerte bra? Kva fungerte dårleg? Kva kan forbeistrast til neste gong?

Studentane klarte å identifisera styrkane til det teknologiske utstyret, og nytta det på spennande måtar. Det er imponerande med så vanskeleg teknologi og tungt fagområde. Gruppene gjorde grundig og samvittigheitsfullt arbeid. Dei seks rapportane vart fagleg verdifulle utover sin funksjon som eksamensoppgåver, og vert publisert av Vismedia-prosjektet ved Astrid Gynnild hausten 2019.

Oppbygginga av aktivitetane i kurset fungerte bra: Først ei kort innføring i biometri (korleis bruker vi auga når vi ser, kva skjer med kroppen vår når vi reagerer på ting vi opplever), deretter ei relativt grundig opplæring i Noldus-utstyret med «mini-prosjekter».

Det vart også gjort ein innsats for utforming av forskingsdesign (kva ønskte studentane å oppnå med prosjekta sine, og nøyaktig korleis skulle dei gjennomføra prosjekta sine?) Idédugnader, workshops og testing av utstyr fungerte godt for å komma på spennande prosjekt. Dette fokuset var nok viktig for å få spissa prosjekta og gjera det meir tydeleg kva kvar gruppe skulle gjera reint praktisk.

Sjølve gjennomføringa av prosjekta gjekk veldig greitt. Faglærarane møtte opp før kvar gruppe skulle utføra testane sine for å sikra at utstyret fungerte, vera tilgjengeleg medan testane pågikk og vera med studentane når dei analyserte material frå testane. Dette var lurt med tanke på den vanskelege teknologien. Faglærarar var ikkje med under sjølve testen, men hjelpte til før og

etter mtp. oppsett av utstyr og overføring/lagring av data. Me var òg tilgjengelege som naudhjelp om noko skulle skjera seg under gjennomføringen.

Det kunne ha vore meir tid for studentane å testa utstyret, bruka utstyret og analysera materialen frå testane. Dette kunne vore gjort ved å ha færre forelesningar eller at modul 2 varte over ein lengre periode.

Måten utstyret skulle hentast ut og leverast inn var tungvint. Heldigvis fann vi ei betre løysing på det saman med teknisk stab, men det finst nok endå betre løysingar. Det hadde vore ein fordel om Noldus-utstyret kunne hatt ein dedikert plass/lab slik at studentane kunne fått endå meir hands-on erfaring med bruken av utstyret. Ein dedikert plass for utstyret kunne òg gjort det mogleg for studentane å bruka meir tid på analyse, fordi dei då kunne brukt analyseprogrammet «Noldus Observer» som berre er tilgjengeleg på Noldus-pc.

Neste gong kan me bruka NSD sin teneste for fellesgodkjenning av datainnsamling i studentøvingar.

Kurset er sårbart når det gjeld kompetanse i opplæring i Noldus IT. Faglærarane Ågotnes og Jensen er p.t. dei einaste som kan undervisa i dette.

### **Modul 3: Design av prototype**

Modul 3 var også svært teknologiorientert. Det vart gjeve teknisk opplæring i storyboarding, design og programmering for AR/VR. Studentane hadde gjesteforelesing frå bransjen om AR/VR, praktisk produksjon og ambisonisk lyd. Denne modulen var svært praktisk innretta, og hadde i motsetning til modul 1 og 2 lite fokus på teori og pensumlitteratur.

Gjennomføring: Fire grupper laga kvar sin funksjonelle prototype på eit interaktivt system som formidlar medieinnhold. Prototypen skulle vera ei ca. tre minutt lang oppleving for HTC Vive. Eit viktig krav var at forteljinga/opplevinga skulle kunna brukast av eit publikum på ein DEMO i Media City Bergen 28. mai 2019.

Faglærarar: Joakim Vindenes var ansvarleg for VR/AR-opplæring saman med Audun Klyve Gulbrandsen. Fahmy Zulfikar var ansvarleg for visuell design, storyboarding og 360-video. Lars Nyre og Frank Wisnes var ansvarleg for fagleg oppfølging og DEMO-arrangementet i NCE Media.

#### Evaluering: Kva fungerte bra? Kva fungerte dårleg? Kva kan forbeistrast til neste gong?

Modulen fungerte godt. Faglærarane har fleire års erfaring med 360, storyboarding og animasjon, og kunne pressa gruppene lenger enn nokon gong tidlegare. Studentane syntest VR var spesielt gøy, og engasjerte seg heilhjarta i opptak på location, redigering og storyboarding, såvel som programmeringa. Det kostbare HTC Vive-utstyret vart kjøpt inn av Vismedia ved Astrid Gynnild, og gjorde at kurset fekk ein teknologisk "edge" som auka interessegraden både hjå faglærarar og studentar.

Det framsto som at studentane oppfatta dette som den mest stimulerande modulen, og det skuldast truleg den avanserte nye teknologien og den store fridomen til å velja prosjekt sjølv.

Faglærarane planegg å skriva ein vitenskapleg artikkel om storyboarding for VR og AR - eit tema me har kome djupt inn i, og som det ikkje er skriva særleg mykje om. Artikkelprosjekt føregår i samarbeid med Vismedia-prosjektet.

Modulen er sårbar når det gjeld kompetanse i opplæring i VR. Faglærarane Vindenes og Klyve Gulbrandsen er p.t. dei einaste som kan undervisa i dette.

Som for modul 2 var det ei kjensle av at tidsperioden på seks veker var for kort. Dette kunne vore ein eigen modul på 10 - 15 studiepoeng.

## **Eksamen**

Kurset hadde tre eksamenar som telte ein tredjedel kvar. Karakterskalaen går frå A til F.

Deleksamen 1: Individuell forskingsrapport på 2000 ord knytt til modul 1: Kvalitative intervju. Studenten skulle intervju 3 personar. Intern sensor Lars Nyre, ekstern sensor: NAMN, Nord Universitet. Snittkarakteren var C.

Deleksamen 2: Gruppebasert forskingsrapport på 4000 ord knytt til modul 2: Biometrisk brukartesting. Gruppene skulle intervju 2 personar. Intern sensor Lars Nyre, ekstern sensor Kjetil Vaage Øie, HVO. Snittkarakteren var B.

Deleksamen 3.1: Gruppebasert interaktiv prototype som gjev ei ca. 3 minutt lang oppleving for brukaren. 3.2: Teknisk spesifisering på 1500 ord. Intern sensor Lars Nyre (med innspel frå Vindenes og Klyve Gulbrandsen) og Jon Hoem, Høgskulen på Vestlandet. Snittkarakteren var B.

### Evaluering: Kva fungerte bra? Kva fungerte dårleg? Kva kan forbeholdast til neste gong?

Eksamensopplegget fungerte godt. Det vart skriva grundige sensurinstruksar til kvar eksamen, og dét gjorde at både studentar og sensorar fekk forutsigbare rammer. Sjå vedlegg 1 for dei tre sensurinstruksane.

Me gjer merksam på at det er eit avvik mellom det som står i studieplanen og den faktiske gjennomføringa av eksamen. Etter at studieplanen var publisert vart det bestemt å byta om på modul 2 og 3, men ingen tenkte på at dette ville skapa eit avvik frå spesifiseringen av eksamen i studieplanen. I studieplanen står det om modul 2: "Gruppelevering: Studentane lagar ein prototype og ein skriftleg spesifisering på om lag 1500 ord" medan det reelle er "Gruppelevering: Studentane skriv ein rapport på om lag 4000 ord frå feltstudie/brukarstudie". Om modul 3 står det: "Gruppelevering: Studentane skriv ein rapport på om lag 6000 ord frå feltstudie/brukarstudie", medan det reelle er "Gruppelevering: Studentane lagar ein prototype og ein skriftleg spesifisering på om lag 1500 ord". Feilen må rettast opp innan 15. oktober 2019 for å unngå same problem neste gong.

## Dialogmøte

I løpet av semesteret vart det arrangert fleire dialogmøte med bransjefolk, studentar og den almenne offentlegheita.

*Studentmøte med JOU102:* Journalistikkstudentane fungerte som eit evalueringpanel for prosjekta på MIX202, og var med å vurdere arbeida på modul 1 og 2 før dei var sett i gang. Slik fekk MIX-studentane konstruktiv kritikk som dei tok høgde for i vidareutviklinga av prosjekta sine. Ansvarlege var Lars Nyre, og Fredrik Bjerknes Lars Arve Røssland frå journalistikk.

*Bransjemøte:* Fagfolk frå TV2 og NRK kom på besøk og snakkar om korleis dei jobbar med innsiktsarbeid, pluss at dei vurderte blikksporingsprosjekta på modul 2. Ansvarleg var Frank Wisnes, og dei besøkande bransjefolka var Eva Husby og Magnus NAMN?

*Offentleg tilstelning.* Ved semesterslutt vart det arrangert ein offentlig DEMO i samarbeid med NCE Media. Her vart prosjekta på modul 2 presentert ved Frank Wisnes. Dei fire VR-forteljingane kunne prøvast av deltakarane på arrangementet. Ansvarlege for VR-demoen var Joakim Vindenes og Audun Klyve Gulbrandsen. Storyboards vart også vist fram, og Fahmy Zulfikar var ansvarleg for dette.

### Evaluering: Kva fungerte bra? Kva fungerte dårleg? Kva kan forbetrast til neste gong?

Dei interne møta med JOU-studentane vart utsett for ein del kritikk. JOU-studentane hadde ikkje obligatoriske oppgåver knytt til dialogen, og følte difor at det var litt på sida å delta berre for å "hjelpa" dei andre studentane. Sjølv møta fungerte likevel fint, med ein engasjert diskusjon mellom dei to studentgruppene. Det er ikkje sikkert desse møta bør vidareførast neste år. Det vil i så fall krevja endå betre samkøyring med JOU, helst ved at JOU-studentane har obligatoriske oppgåver knytt til området "teknologi og etikk".

Møta med TV2 var svært stimulerande for studentane, og bør gjentakast neste år. DEMO-arrangementet hjå NCE Media var ein kjempesuksess. Sjå oppslag her: <https://www.vismedia.org/2019/2019/6/21/students-at-the-vanguard-of-innovation>. Dette arrangementet er ein god måte å eksponera MIX-programmet sine resultat når det gjeld prototypar og original innsikt skapt ved hjelp av innovasjonspedagogikk.

## Pensum

Fordi kurset er forskingsorientert er det viktig at me har god kontakt med normalvitskapen innanfor relevante tema, teoriar og metodar. Professor Lars Nyre har ansvar for undervisninga i dei fire bøkene på pensum, og gjev leselekse til kvar forelesing. Artikkelsamlinga fyller ut med ei rekkje detaljar på område som dei fire lærebøkene ikkje dekker så godt. Sjå vedlegg 2 for oversyn over pensum.

### Evaluering: Kva fungerte bra? Kva fungerte dårleg? Kva kan forbetrast til neste gong?

Kombinasjonen av lærebøker og artiklar fungerte godt, og sideomfanget var også passende. Så sant dei same tema skal behandlast neste år kan pensumet forbli som det er.

# Vedlegg 1: Sensurinstruksar

## Sensurinstruks modul 1

Den aktuelle eksamen utgjer modul 1 av eit kurs på 30 studiepoeng som heiter "MIX202: Design for mediebruk". Modul 1 handlar om kvalitativ intervjuing, og 24 studentar intervjuer 3 personar i ei fritt valgt sosio-demografisk gruppe om mediebruk, sosial identitet og/eller representasjon i journalistikken. Oppgåvene skal vera maks 2000 ord. Innleveringsdato er 22. februar og det er tre vekers sensurfrist. Det er ikkje muntleg eksamen på denne modulen, så karakterane kan bestemmast pr. telefon. Ekstern sensor får honorar etter gjeldande satsar.

*Krav til oppgåva:* Oppgåva skal vera på 2000 ord, pluss at litteraturlista kjem i tillegg. Det vert forventa at oppgåva har tittel, og ellers helst har ei innleiing med problemstilling, bakgrunn, metode, ein analysedel som er lengre enn dei andre, konklusjon og litteraturliste.

*Akademisk innretting:* Oppgåva skal vera eit sjølvstendig akademisk arbeid. Studenten skal velja ei problemstilling, og bruka perspektiv frå pensum og forelesingar til å drøfta kvalitative empiriske data i forhold til den valgte problemstillinga. Det er viktig å kunna formidla si tolking av opplevinga og meiningsdanninga blant informantane på ein tydeleg måte, og prisverdig hvis studenten kan kobla innsiktene sine til teoriar. Det er positivt hvis kandidaten brukar pensum i oppgåva, enten til metode, teoretiske drøftingar eller liknande. Hovudboka er Aksel Tjora (2018) Kvalitative forskningsmetoder i praksis, men også tekstar av Karen Foss, Hans Skjervheim m.f. er på pensum. Sidan teksten skal vera så kort vert det ikkje forventa utførlege teoretiske diskusjonar.

## Sensurinstruks modul 2

Den aktuelle eksamen utgjer modul 2 av eit kurs på 30 studiepoeng som heiter "MIX202: Design for mediebruk". Innleveringsdato er 5. april og det er tre vekers sensurfrist. Det er ikkje muntleg eksamen på denne modulen, så karakterane kan bestemmast pr. telefon. Ekstern sensor får honorar etter gjeldande satsar for slike gruppeoppgåver.

*Krav til oppgåva:* Modul 2 handlar om design-evaluering av visuell journalistikk og/eller visuelle element i journalistikk. Seks grupper med 4 studentar gjennomfører ei evaluering av utvalgte stimuli/innhaldselement med 2 informantar. Brukartesten er basert på "objektive data" (blikksporing, stressarmbånd) og "subjektive data" (talk aloud, intervju). Metoden er lik for alle gruppene. Oppgåvene skal vera på 4000 ord pluss at litteraturliste og illustrasjonar kjem i tillegg. Det vert forventa at oppgåva er utforma som ei evaluering av eit design innan domenet medier og journalistikk. Gruppene kan fritt velja designprinsipp og andre vurderingskriterier til å evaluera utifrå. Oppgåva skal *ikkje* vurderast som eit vitenskapleg arbeid med hypotestesting eller liknande. Den skal vurderast som ei fagleg evaluering der ein meir eller mindre tydeleg utpeikt redaksjon/journalist/designer får ein grundig, sakleg og konstruktiv vurdering av eit eller fleire

design. Nytteverdi bør premierast. Oppgåva bør ha ein tittel og følgjande komponentar: ein introduksjon til tenkt oppdragsgivar, eit klart formulert føremål med evalueringa, ei forklaring av designprinsipp eller kriterier for evalueringa, gjennomgang av metode, analyse av dei tre typane data, ein diskusjon av designimplikasjonar, konklusjon og kjelder. Analyse og diskusjon av designimplikasjonar bør prioriterast i disponeringa av stoff. Det tel positivt å leggja vekt på konstruktive løysingar og vidare design innafor det aktuelle produksjonsområdet.

### **Sensurinstruks modul 3**

Den aktuelle eksamen utgjer modul 3 av eit kurs på 30 studiepoeng som heiter "MIX202: Design for mediebruk". Innleveringsdato er 24. mai og det er tre vekers sensurfrist. Ekstern sensor får honorar etter gjeldande satsar for slike gruppeoppgåver.

*Krav til oppgåva:* Eksamen er gruppebasert, og består av to deler. Del 1: Prototype som gjev ei ca. 3 minutt lang oppleving i HTC Vive. Prototypen vert forventa å visa ei god utnytting av mediets egenart når det gjeld visuelle virkemidler, lyddesign og interaktivitet for brukaren. Visuelle virkemidler kan vera 360-video, animasjonar, grafikk og tekstplakatar, etc. Lyddesign skal innebære bruk av sfærisk lyd, og kan ellers bestå av stemmer, musikk, reallyd, etc. For å oppleve forteljingane må sensor enten vera tilstades på Student Show and Tell i NCE Media sine lokale i Media City Bergen 28. mai kl. 15-17. Alternativt kan intern sensor organisera det slik at forteljingane er tilgjengelege på instituttets dedikerte laptop for HTC Vive-produksjonar, og det kan avtalast eit tidspunkt der ekstern sensor kjem og prøver dei ut. Del 2: Spesifikasjon med storyboard og skriftleg forklaring på maks 1500 ord. Det forventes en introduksjon, et synopsis av fortellingen/opplevelsen, og en beskrivelse av hver scene med bruk av storyboard. De er viktig å få fram hvordan man har brukt visuelle virkemidler, lyddesign og interaktivitet for brukeren.

## **Vedlegg 2: Pensum**

### Bøker:

Brynjulf Handgaard, Anne Hege Simonsen, Steen Steensen (2013) Journalistikk. 363 sider.

Tone Nordbø (2017) Introduksjon til interaksjonsdesign. 195 sider.

Aksel Tjora (2018) Kvalitative forskningsmetoder i praksis. 285 sider.

Eirik Helland Urke (2018) VR og AR - en norsk introduksjon til virtual og augmented reality. 200 sider.

### Artiklar, modul 1:

Gill, Rosalind. 'News, Gender and Journalism', in Gender and the media, Cambridge, UK: Polity, 2008. 36 sider.

Ross, Karen. 'A nice bit of skirt and the talking head: Sex, politics, and news', in Cynthia Carter, Linda Steiner and Lisa McLaughlin (eds.), THE ROUTLEDGE COMPANION TO MEDIA AND GENDER, London and New York: Routledge, 2014. 9 sider.

### Artiklar, modul 2:

Holmqvist, Kenneth og Richard Andersson (2017) Eye-tracking: A comprehensive guide to methods, paradigms and measures. Lund, Sverige: Lund Eye-Tracking Research Institute. Kapittel 1. Lenke: [https://www.researchgate.net/publication/323779800\\_Eye-tracking\\_A\\_comprehensive\\_guide\\_to\\_methods\\_paradigms\\_and\\_measures](https://www.researchgate.net/publication/323779800_Eye-tracking_A_comprehensive_guide_to_methods_paradigms_and_measures).

Kartveit, Kate (2018) They never made it to the end: Reader uses of a multimedia narrative. *Journal of Applied Journalism & Media Studies* 7(2): 289-309. Lenke: <https://www.ingentaconnect.com/contentone/intellect/ajms/2018/00000007/00000002/art00004?crawler=true&mimetype=application/pdf>.

Schiessl, Michael, Duda, S., Thölke, A & Fischer, R. (2003) Eye tracking and its application in usability and media research. *MMI Interaktiv - Eye Tracking: Vol. 1, No. 06. (S. 41-50)*. Lenke: <https://pdfs.semanticscholar.org/ecc2/e7752ca4ab5da2bd9078055cf0f02b355f14.pdf>

Jonathan Lazar, Jinjuan Heidi Feng og Harry Hochheiser. *Research Methods in Human-Computer Interaction. Second Edition. Wiley, 2017. Kapittel 13.*

### Artiklar, modul 3:

Hoem, Jon Øyvind, Nyre, Lars (2018) Tilhører ; et prototype på fremtidens omsluttende radio. *Norsk medietidsskrift nr. 1/2018.*

Nash, Kate (2018) Virtual reality witness: exploring the ethics of mediated presence, *Studies in Documentary Film*, 12:2, 119-131, DOI: 10.1080/17503280.2017.1340796

Peña, Nonny de la, Peggy Weil, Joan Llobera Elias Giannopoulos Ausiàs Pomés, Bernhard Spanlang, Doron Friedman, Maria V Sanchez-Vives and Mel Slater (2010) Immersive Journalism: Immersive Virtual Reality for the First-Person Experience of News. *Presence: Teleoperators and Virtual Environments*. 19(4): 291-301.

Sánchez Laws, Ana (2017). *Can Immersive Journalism Enhance Empathy? Digital Journalism Vol. 5.*